

GEBYRREGULATIV VATN OG AVLAUP.

Vedteke i Meland kommunestyre, 17.12.2014, sak 084/14, med verknad frå 01.01.2015.

Rammer for gebyrutrekning.

- Gebyra skal ikkje overstige kommunen sine kostnader, men kan utliknast over ein periode på 4 år.
- Oversikt over forventa kostnader (drifts- og kapitalkostnader) for dei næraste 4 åra skal føreliggje før storleik på gebyra vert fastsett.
- Gebyrutrekning skal baserast på lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16.03.2012, samt sentrale og kommunale forskrifter om vass- og avlaupsgebyr.
- Meirverdiavgift kjem i tillegg.
- Type bygg i fire kategoriar:
 - Kategori 1: Næring og off. verksemdar.
 - Kategori 2: Bustader, hytter/fritidshus og burettslag.
 - Kategori 3: Næringsverksemd- aktive gardsbruk.
 - Kategori 4: Lagshus eigd og drivne av frivillige organisasjonar som kan få eller får driftstilskot over kommunalt kulturbudsjett, og som ikkje har dusjanlegg, vert senka til same abonnementsgebyr som kategori 2 (bustader og hytter/fritidshus pga. lite forbruk.

1. Eingongsgebyr for tilknytning.

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknytning til offentleg vass- og/eller avlaupsnett. Alle abonnentar betaler likt eingongsgebyr: kr 10 000,-.

2. Årsgebyr

2.1 Abonnementsgebyr

Kommunen sine totale årsinntekter frå abonnementsgebyr skal dekkje følgjande del av kommunen sine samla årskostnader for vass- og avlaupstenester. Dette gjenspeglar kommunen sine faste kostnader for desse tenestene.

- Vatn ca 45 %
- Avlaup ca 40 %.

Abonnementsgebyret skal differensierast etter brukarkategori:

Alle abonnentane i same brukarkategori betaler likt abonnementsgebyr.

Abonnementsgebyr	Vatn	Avlaup
Kategori 1	kr 2 964,-/abonment	kr 1 783,-/abonment
Kategori 2	kr 1 700,-/abonment	kr 1 026,-/abonment
Kategori 3	Som i kategori 1	
Kategori 4	kr 2 964,-/abonnemenet	kr 1 783,-/abonnement

2.2 Forbruksgebyr.

Forbruksgebyr vert utrekna på grunnlag av målt eller stipulert forbruk med utgangspunkt i nedanforståande m³-pris.

Kategori 1 skal betale etter målt forbruk.

Kategori 2 skal betale etter målt eller stipulert forbruk. Abonentane kan sjølv velje metode.

Kategori 3 skal betale etter målt eller stipulert forbruk. Abonentane kan sjølv velje metode.

Kategori 4 skal betale etter målt eller stipulert forbruk. Abonentane kan sjølv velje metode.

M³-pris.

M ³ -pris vatn	M ³ -pris avlaup
kr 10,60/m ³	kr 6,36/m ³

Målt forbruk.

Forbruksgebyret er basert på faktisk vassforbruk (vassmålar) og pris per m³. Avlaupsmengde vert rekna lik vassmengde. Unntak frå dette må abonnenten dokumentere.

Forbruksgebyr ved bruk av vassmålar:	
-Vatn	: M ³ (kr 10,60/m ³) * målt forbruk (m ³)
-Avlaup	: M ³ (kr 6,36/m ³) * målt forbruk (m ³)

Stipulert forbruk.

Forbruksgebyret vert basert på stipulert forbruk og pris per m³.

Stipulert forbruk (m³) vert utrekna slik:

Bruksareal BRA (m²) * spesifikt forbruk (m³/m²) der

- BRA per abonnement vert sett til 150 m² for alle bygg i kategori 2.
- Spesifikt forbruk vert sett til 1,0 m³/m².

Forbruksgebyr bustader, hytter/fritidshus:

-Vatn : M³ (kr 10,60/m³) * stipulert forbruk (150 m³) = kr 1 590,00

-Avlaup : M³ (kr 6,36/m³) * stipulert forbruk (150 m³) = kr 954,00

3. Årleg vassmålarleige.

Kommunen eig vassmålarar for bustad, lagshus, hytte og fritidsbustader og desse abonnentane betaler alle kostnader som er knytta til installering og vedlikehald av målararen. Det skal betalast ei årleg leige for å dekke desse kostnadene. Kostnaden kan variere etter storleik på målararen etter følgjande modell:

- t.o.m. 25 mm	kr 365,-
- 26-50 mm	kr 500,-
- 51-150 mm	kr 626,-
- større enn 150 mm	kr 1 253,-

Målarleige forfell til betaling på 1. termin.

Andre abonnentar skaffar og kostar sjølv vassmålarane sine. Desse skal installerast og vedlikehaldast etter kommunen si tilvising.

4. Mellombels bruk av vatn og avlaup.

Eigar/festar av eigedom som vert mellombels knytta til kommunen sitt vass- og avlaupsanlegg skal betale abonnements- og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, sjå pkt 2.1 og 2.2.

Det skal ikkje betalast eingongsgebyr etter pkt 1.

Ved sal av vatn til private, via tankbil, skal det betalast kr. 50,- per m³, min kr. 500,- per fylling, etter avtale om tilvist plass og med kommunal driftsoperatør til stades.